

Referat styremøte HSG 10.08.10.

Tid og stad: 10.august 2010, kl 09.30-14.15, Nortura Eidsvåg.
Tilstades: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Svein Misje, Egil Øvstebø.

Sakliste:

1.Godkjenning av innkalling og referat frå styremøtet 01.06.10

Innkalling, sakliste og referat godkjent utan merknader.

2.Orienteringssaker.

Fjelldagar 2010.

Reidar Kallestad orienterte frå Fjelldagen. Program gjennomført etter plan. Dårleg vær førte til dårlegare fram møte enn venta, men ca 30 stk møtte.

Beiteutvalet.

Reidar Kallestad orienterte frå første møtet i det nye beiteutvalet. Referat frå møtet ligg ved.

3. Leiarmøtet oktober 2010

Leiarmøtet vert i år arrangert i samband med "Stormøte" 29. og 30. oktober.

Stad: Thon Hotel Bergen Airport . Nils Inge sender ut førhandspåmelding til lokallaga.

4. Avlsframgangen. Tiltak for å spreia denne til flest mogleg buskapar.

Utsett til neste møte.

5.Seminkurs.

HSG vil ilag med NSG Semin arrangera seminkurs på Voss Jordbruksskule siste halvdel av oktober. HSG vil støtta kursdeltakarar som er 25 år eller yngre med kr 1000.

6. Agro Hordaland.

Agro Hordaland (www.agrohordaland.no) er namnet på stormøtet der mellom anna HSG sitt leiamøte er ein del. Hovudtema er "Matmakt – er det vinnarar og taparar i denne kampen?" Reidar Kallestad melder tilbake til Even Øyri med forslag til programpostar på fagsamlinga laurdagen.

7. Økonomisk støtte til programserien "Skal Norge gro igjen?"

HSG støttar prosjektet med kr 5.000. Nils Inge Hitland kontaktar NSG v/Jonny Storbråten i høve status på prosjektet.

8. Forbod mot sauebjøller i Sveio.

Saka vert følt opp i NSG.

9. Neste styremøte.

Neste styremøte vert telefonmøte tirsdag 24. august kl 20.00- 22.00.

Eidsvåg 10.august 2010.

Nils Inge Hitland